

Vi ser for oss at vi kan byggja eit stort naust på den utplanerte delen av område. Pluss at det kan vinterlagrast båter ute, på andre deler av planert område.

Vi ønskjer også å få med nærområdet til den utplanerte plassen, slik at vi får ein heilheitlig plan med meir fortetting på den delen av stranda som i dag har naturlig tilkomst frå vegen til sjø.

Planen er at området skal opparbeidast i eigen regi og utleigast og vi presiserer at det ikkje skal skiljast ut frå hovedbruket.

Vegen til sjø er ferdig og det utplanerte område er nermast klar for etablering av naust. Planane vil derfor kun krevje minimale inngrep i terrenget.

Det omsøkte området er austvendt og er ikkje nytta som badeplass. Terrenget skrar kraftig ned mot sjøen og det er ikkje slåtteland. Det er eit svert egna område for naust, og plassen har lokalt vore brukt, og rekna som den beste plassen for fortøyning av båter.

I planen er det også med ein opptrekksplass for båter. Lokalt er det mangel på dette. Vi ønskjer å kunne tilby denne tjenesten, mot ein fornuftig kompensasjon.

Eigar av Knutsneset Gnr 234 Bnr 13 er kjent med våre planar for området, og tilkomst til Knutsneset vil ikkje bli berørt av desse. Eigar, Sigbjørn Smådal, bekrefter med underskrift at han godkjenner planane.

 Sigbjørn Smådal 7/09-18

Sigbjørn Smådal

dato

Vi er eigar av Gnr 234 Bnr 82, ein utskilt parsell i Knutsneset, den vil heller ikkje få endra tilkomst.

Håper at kommunen vil sjå med velvilje på våre planar, og endre status på området frå LNF til nausteområde.

Helsing Silje Smådal og Kennet Innvær

 Silje Smådal Kennet Innvær